

Forslag til dagsorden for utdanningsutvalet – møte nummer 1 (2026)

27. januar 2026 klokka 9-12, Muséplassen 1 – «Styrerommet»

<i>Saksnummer</i>	<i>Tittel</i>	<i>Tid</i>
	I. Godkjenning av innkalling og dagsorden II. Godkjenning av protokoll fra UU-møte 10.12.2025 III. Orienteringer fra utvalgsleder og administrasjonen IV. Presentasjon av UiB Atlas - Christen	25
Sak 1/26 <i>Drøftingssak</i>	Kunstig intelligens i høgare utdanning	25
Sak 2/26 <i>Drøftingssak</i>	Insentiver for valg av eksamensform	20
Sak 3/26 <i>Orienteringssak</i>	Studentrekruttering	20
Sak 4/26 <i>Vedtakssak</i>	Studiebarometeret	20
	Pause	15
Sak 5/26 <i>Orienteringssak</i>	Midlar til kvalitetsutvikling 2026 - 2029	20
Sak 6/26 <i>Vedtakssak</i>	Oppnevning av medlemmer til den sentrale studiekvalitetskomitéen 2026-27	10
Sak XX/25	Eventuelt	

Kommende saker

- Kullene går opp fram til 2030, mulighetsvindu for rekruttering
- Ressurs for porteføljestyling
- Etikk i utdanninga – tidspunkt for exphil, mv.
- Alternative vurderingsformer
- Oppfølging av endringer i studieforskriften knyttet til eksamen
- Rolla til biblioteket
- Skikkethetsvurdering og -prosedyre ved UiB
- Kvalitet i praksis (disiplinar inkludert) (mars) – modellar, erfaringsutveksling, invitere student?,
- Alternative vurderingsformer/ gjennomføring lokalt på fakultet?

Årshjulsaker

- Februar: Videreføring/oppnevning av Studiekvalitetskomite
- April: Årsrapport fra Studentombudet
- Mai I: sammensetning studiekvalitetskomite
- Mai: Orientering om planer for opptaket
- Mai: Tildeling av insentivmidler
- Mai: UU-seminar
- Juni: Melding om internasjonalisering
- Juni: UU sine prioriteringer for strategi i kommende studieår
- September: Gjennomgang av studentrekrutteringen
- September: Studiestartuken /Velkomstuken
- September: Uglepristildeling
- September: Oppnevning av sentral studiekvalitetskomité
- Oktober: Studiekvalitetsmeldingen
- Oktober: Opptak og opptaksrammer
- Oktober: Studieportefølje
- Oktober: Presentasjon av Studentparlamentets program
- Oktober: Årsmelding fra Læringsmiljøutvalget
- Oktober: Utdanningsutvalgets møteplan 2026
- Oktober: Olsens legat – Revidering av retningslinjer
- Desember: Planer for velkomstuken neste studieår
- Desember: Kriterier for insentivmidler (virkemiddelapparatet i stort)
- Desember: Studiekvalitetsseminar

Saksnummer:

Sak 1/26

Kunstig intelligens i høgare utdanning

Drøftingssak

Bakgrunn – førebelse vurderingar

Malthe-Sørenssen-utvalet blei utnemnd av regjeringa i mars 2025. Utvalet skal vurdere korleis høgare utdanning blir påverka av utviklinga av kunstig intelligens. Det skal gi råd til mellom andre institusjonane om korleis læringsaktivitetar, eksamen, vurdering og læringsmål bør tilpassast den nye teknologien.

Utvalet publiserte i desember notatet «Foreløpige vurderinger».¹ Notatet gjeld spørsmål knytt til generativ kunstig intelligens (KI) og eksamen. Hovudvekta i notatet er problematikk knytt til reglementert og ureglementert bruk av KI i eksamenssvara og fagleg tilsette sin potensielle bruk av KI som støtte i å lage eksamensoppgåver, i sensuren av eksamenssvara, og for å grunngi eller bidra til å gi grunngiving av karakterar. Notatet har likevel to innleiande kapittel som tar føre seg kva for endringar KI inneber eller kan innebere, og særleg kva verknader KI kan få for *kva* og *korleis* vi bør lære.

I alle desse delane krinsar notatet rundt grunngitte påstandar, som neppe kan reknast som kontroversielle. Til dømes lyd påstand tre «God bruk av KI kan styrke læringen», medan «ukritisk bruk» i påstand fire ikkje fører til ei slik styrking. For delane om høvesvis eksamen, sensur og sensurgrunngiving, og for tilsette sin KI-kompetanse, så inneheld notatet i tillegg tilrådingar til institusjonane. Om sensuren gjeld dette i hovudsak å skaffe eit betre kunnskapsgrunnlag for å vurdere moglege KI-bidrag for å lette arbeidsbyrden til fagleg tilsette og til å gi betre tilbakemeldingar til studentane. Om KI-kompetansen dreier det seg i grove trekk om at institusjonane må legge til rette for kompetanseutvikling, medan fagmiljø og den enkelte tilsette har ansvar for å utvikle eigen kompetanse.

Tilrådingar om eksamen

Det er tilrådingane om eksamen som er mest konkrete – og tar utgangspunkt i lovkravet om at sensuren skal vere «faglig betryggende» samstundes som at KI har skarpt auka «den logiske avstand mellom kvaliteten på en besvarelse og hva besvarelsen sier om kandidatens kunnskap og ferdigheter» (notatet på side 20). Utvalet legg også til grunn at det ikkje er mogleg å avdekke KI-generert tekst på ein treffsikker måte.

Tilrådingane om eksamen går ut på at institusjonane bør bruke færre ikkje-kontrollerbare eksamensformer (altså: mindre heimeeksamen og innleveringar, og liknande), og i aukande grad supplere ikkje-kontrollbare eksamensformer med kontrollerbare eksamensformer (tilråding ein og to). Utvalet tilrår at institusjonane ikkje

- forsøker å lage KI-immune eksamensoppgåver, fordi teknologien vil ta att ein slik strategi
- startar med overvaking av heimeeksamenar
- tar i bruk verktøy som skal identifisere KI-bruk.

Utvalet skriv dessutan at dei har vurdert å tilrå mindre summativ vurdering kombinert med ein auke i omfanget av formativ vurdering. I denne samanhengen vil grunngivinga vere at eit slikt grep vil redusere behovet for tilsyn under eksamen, fordi studentane vil ha tettare oppfølging frå dei fagleg

¹ [Notat: Foreløpige vurderinger – Malthe-Sørenssen-utvalget](#)

tilsette. Utvalet vil likevel ikkje tilrå dette eksplisitt, mellom anna på grunn av den kostnadsauken det vil innebære. Sidan vurderingane i notatet er førebelse, så kan det tenkast at utvalet vurderer dette annleis i sluttrapporten.

Saksnummer:

Sak 2/26 Insentiver for valg av eksamensform

Drøftingssak

Bakgrunn

Formålet med denne saken er å drøfte hvordan vi skal jobbe med insentiv for valg av varierte vurderingsform fremover.

[Strategi for Universitetet i Bergen 2023-2030](#) slår fast at UiB skal tilby forskningsbasert utdanning av høy kvalitet, som er tett koblet til kunnskapsutviklingen ved institusjonen. Visjonen for utdanningsfeltet er at «UiB skal utdanne kandidater som kan forme morgendagens samfunn, arbeids- og næringsliv med perspektiver fra ulike fagområder. Vi skal gi studenter et faglig fundament som varer hele livet og som bidrar til å skape kompetente og reflekterte samfunnsborgere.»

En av aktivitetene som skal støtte opp om ambisjonene i strategien, er at UiB skal sørge for god støtte til undervisere og fleksible rammer for varierte undervisnings- og vurderingsformer.

Skoleeksamen er den mest brukte vurderingsformen ved UiB. Med skoleeksamen i tradisjonell forstand, menes eksamen som avholdes over noen timer under tilsyn av eksamensvakt med ingen eller begrenset tilgang til hjelpemidler. Skoleeksamen kan i mange tilfeller være formålstjenlig (ref sak 1/26), men det er viktig å velge vurderingsformer som samsvarer godt med læringsutbyttet i emnet (constructive alignment).

Internrevisjon og anbefalinger

I 2025 var ett av revisjonsprosjektene i internrevisjonen ved UiB «Eksamensadministrasjon». ² Revisjonsprosjektet hadde som mål å gi innsikt om status for eksamensadministrasjon ved Universitetet i Bergen, og komme med innspill til eventuelle forbedringsområder. Revisjonen satte søkelys på organisatoriske og prosessuelle aspekter ved UiB sin eksamensadministrasjon, og tok utgangspunkt i skoleeksamen (skriftlig eksamen i eksamenslokale) som administreres på alle tre nivå, institutt, fakultet og fellesadministrasjonen.

Internrevisjonen peker på at UiB har mål om å sikre en effektiv eksamensadministrasjon som støtter pedagogisk metodefrihet og bruk av varierte vurderingsformer, særlig med tanke på å balansere pedagogiske mål med praktiske og teknologiske utfordringer. Revisjonen anfører at universitetet mangler føringer for hvordan eksamensadministrasjonen skal bidra i arbeidet. Slike føringer vil gi bedre retning og prioritering for det eksamensadministrative arbeidet.

Internrevisjonen peker også på at UiB bør vurdere om kapasiteten på skoleeksamen skal økes for å gi fagmiljøene større metodefrihet, eller om man skal prioritere å aktivt fremme alternative vurderingsformer. I revisjonsrapporten fremkommer det at institutter ofte opplever begrenset fleksibilitet i eksamensplanleggingen, og at UiB opererer med en kapasitet på skoleeksamen som oppleves som «så vidt» tilstrekkelig. Fakultetene melder om liten valgfrihet for tidspunkt for eksamen

² Internrevisors hovedanbefalinger er tilgjengelig i styresak 91/25 [Universitetsstyremøte 31. oktober 2025 / S 91-25Internrevisjon-halvårsrapport2025](#).

og et opplevd press om å avholde kortere eksamener for å kunne utnytte kapasiteten i eksamenslokalet i doble eksamensskift per dag.

UiB leier lokaler til skoleeksamen. Kostnader knyttet til lokalene utgjør ca 40% av de totale kostnadene med skoleeksamen. Vi har i dag to eksamenslokaler, med en samlet kapasitet på 600 eksamensplasser i hvert eksamensskift. En økning i kapasitet på eksamensplasser vil føre til betydelig økning i kostnader til skoleeksamen. Så lenge UiB skal ha kapasitet til å gjennomføre skoleeksamen for emner på opptil 600 studenter, vil ikke leiekostnadene gå ned ved en eventuell reduksjon i antall skoleeksamener.

Utvikling over tid: eksamensformer i bruk på UiB

Forholdet mellom antall kandidater meldt til ulike vurderingsformer har vært relativt stabilt i perioden 2019 til 2025 (se tabell 1). Det har vært en nedgang i andelen kandidater meldt til skoleeksamen fra 2019 til 2025 (fra 53 prosent til 43 prosent), men antallet kandidater på skoleeksamen varierer lite fra år til år (se tabell 2). Mappevurdering er den vurderingsformen som øker mest, med 5 prosentpoeng fra 2019 (6) til 2025 (11). Det er noen forskjeller mellom fakultetene.

Samlebetegnelsen «Innleveringseksamen» består av eksamensformene hjemmeeksamen, oppgave, oppgave i gruppe, semesteroppgave, journal, rapport, refleksjonsnotat og masteroppgave. Ikke-etterprøvbare eksamener er muntlig eksamen og ulike typer praktisk eksamen, der prestasjonen til studentene ikke kan vurderes på nytt når eksamen er avsluttet.

Tall fra koronaårene 2020, 2021 og 2022 er ikke tatt med i tabellene under, da registrering av vurderingsform ikke nødvendigvis er representativ for hvordan eksamen ble gjennomført i praksis. Antall eksamensgjennomføringer i eksamenslokalet sank betraktelig under pandemien, og periodevis ble det ikke gjennomført skoleeksamen i det hele tatt, selv der det er registrert skoleeksamen som eksamensform.

Tabell 1 Andel eksamensgjennomføringer per vurderingsformen

År	Antall eksamensgjennomføringer	Innleverings-eksamen	Ikke-etterprøvbareksamen	Mappeeksamen	Skoleeksamen	Annet
2019	89471	28 %	12 %	6 %	53 %	1 %
2023	101953	30 %	13 %	9 %	46 %	2 %
2024	103121	30 %	13 %	9,5 %	44 %	3,5 %
2025	107148	29 %	15 %	11 %	43 %	2 %

Kilde: [Rapporten «Vurdering og eksamen/ Vurderingsform og eksamenssystem» i Tableau](#)

Tabell 2 Antall kandidater på ulike vurderingsformer

	Innleveringseksamen			Ikke-etterprøvbar eksamen			Mappeeksamen			Skoleeksamen			Annet		
	2023	2024	2025	2023	2024	2025	2023	2024	2025	2023	2024	2025	2023	2024	2025
HF	10279	9830	9499	4605	4883	6049	1586	912	917	5021	5140	5303	91	78	63
JU	3578	3561	4510	116	141	340	359	355	420	7295	6253	6193	34	12	23
MED	2463	2545	2415	2436	2773	3484	1231	1144	1025	5408	5693	5387	138	149	113
PS	3011	3056	3069	1616	1248	1549	622	622	1680	5255	5268	5171	1675	2330	1669
SV	8158	8703	8128	634	735	670	1758	2901	3556	9715	9442	10965	8	39	2
KMD	1383	1410	1252	974	1065	1082	1283	1387	1354	52	41	45	4	18	54
NT	2152	1526	2436	2809	2764	3077	2096	2427	2550	14094	13768	12803	14	902	295
Totalt	31024	30631	31309	13190	13609	16251	8935	9748	11502	46840	45605	45867	1964	3528	2219

Kilde: [Rapporten «Vurdering og eksamen/ Vurderingsform og eksamenssystem» i Tableau](#)

Om Malthe-Sørenssens-utvalgets foreløpige anbefalinger følges opp (se forrige sak i samme møte 1/26 *Kunstig intelligens i høgare utdanning*), kan det føre til en økning i antall skoleeksamener. Vi har foreløpig ikke sett en slik trend ved UiB.

Eksamensgjennomføring i undervisningsrom som mulig alternativ til skoleeksamen

Et alternativ til å leie flere eksamenslokaler, kan være å gjennomføre kontrollerte eksamener og obligatoriske aktiviteter i undervisningslokaler. På denne måten øker fleksibiliteten på hvor og når kontrollerte eksamener kan gjennomføres, uten at kostnadene økes tilsvarende som det hadde gjort ved å gjennomføre eksamen i UiBs eksamenslokaler.

Ansvar for å gjennomføre eksamen, vil i så fall ligge lokalt. Elementer som må ivaretas for en trygg og kvalitetssikret eksamensgjennomføring, vil være infrastruktur som strøm, trådløst nettverk, vakthold, støtte til kandidater som får tekniske problemer med nedlåsning av eksamen på egen maskin, og eventuelle reserveløsninger for studenter som får problemer med egen pc under eksamen. Fakultetets faglige behov må danne grunnlaget for hvordan slik vurdering kan gjennomføres.

I arbeidet med å utrede rammer for slik eksamensgjennomføring er Studieavdelingen avhengig av å ha dialog med fagmiljø dette kan være aktuelt for.

Økonomiske insentiver i bruk av skoleeksamen

Utdanningsutvalget har tidligere, i sak 57/24 "Saleksamen ved UiB" ([Saksliste UU 18.12.24.pdf](#)), gått gjennom kostnadsfordelingsmodellen for skoleeksamen. Hovedutfordringen med nåværende fordelingsmodell er at den mangler insentiver til effektiv ressursbruk, for eksempel er det samme pris per kandidat uavhengig av hvor lenge kandidaten benytter eksamensplassen på eksamensdagen. I dag fordeles kostnadene for skoleeksamen flatt etter antall meldte kandidater fakultetet hadde til skoleeksamen året i forveien.

Studieavdelingen jobber sammen med Økonomiavdelingen med å revidere kostnadsfordelingsmodellen for skoleeksamen. Målet er å fordele kostnaden til fakultetene på en måte som bedre reflekterer de faktiske kostnadene hver eksamen utløser. Den nye modellen ferdigstilles våren 2026 og vil tas i bruk fra 2027.

Den reviderte modellen vil skille mellom kostnader som direkte henger sammen med skoleeksamen, og kostnader som ikke spesifikt knyttes til eksamensform. De to ulike typene kostnader vil fordeles på fakultetene etter ulike nøkler, slik at fakultetene som bruker skoleeksamen som vurderingsform betaler kostnadene knyttet til skoleeksamen, mens de mer faste kostnadene som ikke spesifikt kan knyttes til skoleeksamen fordeles på annen måte, for eksempel etter antall studieplasser (nøklerne er ikke besluttet per nå).

Kostnaden for skoleeksamen med varighet på mer enn fire timer vil øke for fakultetet i forhold til eksamener som er fire timer eller kortere. Eksamen med varighet til og med fire timer, muliggjør to eksamensskift per dag, og dobler dermed kapasiteten i eksamenslokalene. Slik vil fakulteter som reduserer varighet på sine eksamener i noen grad kunne påvirke sine utgifter til skoleeksamen.

Et annet virkemiddel kan være å ikke tillate eksamen på mer enn fire timer i deler av hovedeksamensperioden i høstsemesteret. Høstsemesteret har færre dager å spre eksamen utover enn vårsemesteret, noe som gjør det ekstra vanskelig å få plass til alle som ønsker skoleeksamen i november og desember måned.

Saken blir lagt fram for utdanningsutvalget for drøfting. Aktuelle drøftingspunkt kan være:

- Bør UiB ha en føring for eksamensadministrasjonens arbeid ift UiBs strategiske mål for vurdering?
- Bør UiB legge til rette for gjennomføring av flere skoleeksamener fremover i eksterne lokaler?
- Bør vi åpne for gjennomføring av skoleeksamen i undervisningsrommene våre.
- Bør vi i så fall legge opp til en pilot med ett fakultet for å teste dette ut?

Saksnummer:

Sak 3/26 Studentrekruttering

Orienteringssak

Til utdanningsutvalet ved UiB
Frå Studieavdelinga
Møte: 27.01.26

Jørgen Thune Johnsen og Maren Bjotveit orienterer om kampanjen for studentrekruttering 2026.

Saksnummer:

Sak 4/26 Studiebarometeret

Orienteringssak

Til utdanningsutvalet ved UiB
Frå Studieavdelinga
Møte: 27.01.26

Svein Jarle Nymark legg fram resultata frå studiebarometeret i møtet.

Saksnummer:

Sak 5/26 Midlar til kvalitetsutvikling 2026 - 2029

Vedtakssak

Bakgrunn

Føremålet med denne saka er å vedta hovudtrekka i utlysing av UiB-interne Midlar til kvalitetsutvikling (som mellom anna erstattar ordninga med Insentivmidler for utvikling av utdanningskvalitet) i dei komande åra . Forslaget om ei tredelt innretting representerer både ei vidareføring og ei forsterking av gjeldande ordning, i tråd med ambisjonane i Strategi 2023 – 2030. Samanlikna med tidlegare år ([sjå utlysinga for 2025](#)), legg forslaget til vedtak opp til å

- følge opp budsjettvedtaket til universitetsstyret frå november 2025, som inneheld halvannan million kroner til satsinga på Førsteårsstudenten i 2026,
- følge opp Utdanningsutvalet sine prioriteringar for perioden
- sikre ei meir føremålstenleg arbeidsdeling mellom komitéen som vurderer søknadene og Utdanningsutvalet som vedtar tildelingane,
- sikre eit meir transparent opplegg for tildelingsprosessen og
- sørge for fagleg funderte tilbakemeldingar og rettleiing til alle søkarar.

Vi viser dessutan til sak 35/25 *Førsteårsstudenten Indikatorer for gjennomføring* og 36/25 *Olsens legat utlysing og prioriteringar* som følger same tematikk.

Oversikt over midlar til kvalitetsutvikling

UiB lyser kvart år ut midlar for utvikling av utdanningskvalitet, og utdanningsutvalet har vedtatt [retningslinjer](#) for ordninga. Dei aktuelle budsjettpostane er for 2026 auka og utgjer til saman nesten fire millionar kroner. Bakgrunnen for auken er budsjettvedtaket til Universitetsstyret der styret vedtok satsinga Førsteårstudenten på halvannan million kroner. Posten skal etter planen aukast til tre millionar kroner i 2027. Ei oversikt 2025-2027 av aktuelle midlar ser derfor slikt ut:

Budsjett	2025	2026	2027
Insentivmidlar for utdanningskvalitet	2 462 000	2 444 000	2 462 000
Satsing Førsteårsstudier	-	1 500 000	3 000 000
Totalt	2 462 000	3 962 000	5 462 000

Vedtaksforslaget i denne saka legg opp til at postane blir samla, med fråtrekk på kroner 150 000 til vinnaren av ugleprisen 2026. Likevel slik at midlane blir fordelte mellom tre ulike føremål og utlysingar:

- Små prosjekt/forprosjekt knytt til satsinga på førsteårstudenten– mellom 50 000 og 200 000.
- Pilotprosjekt knytt til satsinga på førsteårstudenten– mellom 250 000 og 500 000
- Andre prosjekt knytt til kvalitetsarbeid i utdanning – inntil kroner 300 000.

Hensikta er at desse midla over tid skal fordelast rimeleg likt mellom føremåla. Dette inneber samstundes ein fleksibilitet til å fordele ulikt mellom føremåla basert på kvaliteten til søknadene eller andre kriterium.

Hovudprinsipp og kriterium

Prinsippa som UiB sitt kvalitetssystem framhevar i vurdering av kvalitet i utdanningane, ligg til grunn for innrettinga av kvalitetsutviklingsprosjekta. Desse prinsippa ligg på [UiB si nettside for kvalitetssystem for utdanning](#). Aspekta om å sette studentane si læring i sentrum, ha ei forskingsbasert tilnærming, sørge for studentinvolvering og kollegialt samarbeid er særleg viktig.

Med prinsippa som bakteppe, skal det vere fem gjennomgåande kriterium, slik at utlysingane har til felles at dei støttar fagleg-pedagogisk utviklingsarbeid:

1. **Aktiv læring**; fordi undervisning og læring er aktivitetar som føreset interaksjon mellom undervisarar og studentar, og studentar imellom
2. **Kollegialt samarbeid**; fordi undervisning og utdanning er eit felles ansvar
3. **Kunnskapsbasert tilnærming**; fordi det er viktig å bygge på erfaringar og kunnskap om læring og undersøke effekten av tiltak
4. **Studentmedverknad**; fordi studentane er fullverdige medlemar av fagmiljøa, og fordi utdanning handlar om å skapa felles mening
5. **Fagspesifikke behov** (eller aktuelle tverrfaglege behov); fordi ulike fagfelt har ulike metode- og arbeidsmåtar

I tillegg må prosjekta som det blir søkt midlar til sjølv sagt også vere relevante for måla og dei forventa resultatane i utlysinga.

Dei tre utlysingane er innretta for ulike ambisjonsnivå og skal gi grunnlag for utvikling over tid. Det er dessutan ein ambisjon om at midlane til kvalitetsutvikling kan fungere som springbrett for nasjonale og internasjonale støtteordningar. Vi ønsker å inkludere prosjektkriterium som er alminnelege i nasjonale og internasjonale utlysingar (prosjektdesign, prosjektteam, verknad og spreing av resultat) for søknadene, men med tilpassing til dei ulike prosjekttypene.

Dersom det er fleire støtteverdige søknadar enn budsjettet har rom for, kan søknadar med lik vurdering få anten tilslag eller avslag. Derfor trengst det også førehandsdefinerte og kjente kriterium for rangering av støtteverdige søknadar, slik at rangeringa blir forståeleg for søkarane.

Prosess for utlysing, vurdering og tildeling

Dei siste åra har utlysinga skjedd i desember, med søknadsfrist i mars, vedtak i Utdanningsutvalet i mai og eittårige prosjektperiodar.

Ei slik tidslinje er ikkje mogleg for 2026. I beste fall kan ei samla utlysing skje i februar, med søknadsfrist i mai og vedtak i juni. Ein føresetnad for at det lar seg gjere, er at komiteén blir utnemnd så tidleg at den rekk å vurdere søknadar i den relativt korte tida mellom søknadsfristen og Utdanningsutvalet sitt junimøte.

For å få til ei mest mogleg uavhengig vurdering, i tråd med kvalitetskriteria som er føreslegne her, og for at søkarane skal få grunngevnne tilbakemeldingar basert på dei same kriteria, bør medlemane i

komitéen ikkje vere involverte i vedtaka Utdanningsutvalet gjer. Studieavdelinga sitt forslag er at komitéen blir sett saman av tre meritterte undervisarar frå ulike fakultet, ein student nominert av Studentparlamentet og ein representant for UiB si sentrale læringsdesigngruppe, med sekretariat frå UiB læringslab.

Utlysingstekstane bør vera så korte og retningsgjevande som mogleg, og ha felles struktur:

- Bakgrunn for utlysinga
- Mål og forventa resultat
- Kva midlane kan bli brukte til (utviklingsarbeid, normalt løn og frikjøp)
- Søknadsprosess (enkelt, digitalt søknadsskjema)
- Korleis søknadene blir vurderte (kriterium)
- Kontaktpersonar (komitéleiar og sekretariat)

Prosjektperiode: Inntil eitt år for små prosjekt og forprosjekt, inntil to år for større prosjekt.

Komitéeen sitt mandat er å vurdere søknadar basert på kvalitetskriteria (det som blir vurdert) i utlysingane og standardar (nivå for korleis kriteria er oppfylte). Komitéen skal også gi søkarane tilbakemeldingar i tråd med sine vurderingar. Slik kan ordninga legge til rette for forbetring av prosjekta sjølv utan tildeling, eventuelt i kombinasjon med rettleiing frå einingar som UiB læringslab. Sekretariatet er ansvarleg for kunngjering og kommunikasjon.

Utdanningsutvalet skal treffe vedtak basert på kvalitetsvurderingar frå komitéen, og eventuelle andre hensyn, og er ansvarlege for rangering og prioritering av søknadar.

Forslag til vedtak:

Utdanningsutvalet vedtar fullmakt til prorektor til å

1. vedta endeleg utlysing av Midlar til kvalitetsutvikling, innanfor rammene av saksnotatet og tilbakemeldingar under møtet.
2. fastsetje mandatet til vurderingskomitéen, innanfor rammene av saksnotatet og tilbakemeldingar under møtet
3. utnemne medlemene til vurderingskomitéen, innanfor dei rolleskildringane som er skildra i saksnotatet.

Saksnummer:

**Sak 6/26 Oppnevning av medlemmer til den sentrale
studiekvalitetskomitéen 2026-27**

Vedtakssak

Bakgrunn

UiBs kvalitetssystem for utdanning skal sikre at UiB ivaretar sitt ansvar for kvaliteten i eksisterende studieprogrammer og ved etablering av nye studier. 31. august er den årlige fristen for å søke om oppretting av nye studieprogrammer. Etter fristen gjennomføres det normalt ett vurderingsmøte i studiekvalitetskomiteen. Vurdering av nye etter- og videreutdanningsprogram, kan gjennomføres i vårsemesteret.

Etablering av nye studieprogrammer håndteres av følgende sentrale instanser:

- UiBs sentrale læringsdesigngruppe veileder og følger opp fagmiljøene i prosessen med utforming av nye studieprogram.
- Den sentrale studiekvalitetskomiteen vurderer de endelige søknadene om oppretting av studieprogrammer, og gir sin anbefaling om akkreditering til Utdanningsutvalget.
- Utdanningsutvalget gir sin anbefaling til styret.
- Styret fattet endelig vedtak om akkreditering, slik at nye studieprogram kan lyses ut.

Den sentrale studiekvalitetskomiteen for 2026/27

Det sentrale studiekvalitetskomiteen skal ha representanter fra flere fakulteter, og både faglig og administrativ ledelse skal være representert. Komiteen skal også ha to studentrepresentanter, og en representant for universitetspedagogikk. I tillegg oppnevnes det en ekstern fagfelle for hver søknad som skal vurderes.

De fleste medlemmene oppnevnes for to år, men oppnevning skal skje på en slik måte at vi sikrer kontinuitet i komiteen. For 2026/2027 foreslås denne sammensetningen:

Heming Gujord, visedekan for utdanning ved HF. Leder for komiteen (valgt for to år i 2025)

Én visedekan for utdanning (ny – velges for to år)

Martha Houen Dahle, studiesjef ved MED (ny – velges for to år)

Kenan Dikilitas, professor ved Institutt for pedagogikk (velges for ett år)

To studentrepresentanter (oppnevnes av Studentparlamentet i mai/juni)

Sekretær for komiteen, Studieavdelingen

Ekstern fagfelle på områder der det skal utarbeides nytt studieprogram – oppnevnes etter søknadsfristen 31. august.

Forslag til vedtak:

1. Utdanningsutvalget vedtar sammensetning av studiekvalitetskomiteen for vurdering av søknader for utlysning i 2027, slik det fremgår av saken.
2. Prorektor for utdanning får fullmakt til å oppnevne en av UiBs visedekaner for utdanning til komitéen.